


# LexicoNordica

Forfatter:	Johan Myking [Norsk Ordbok band 5 (med sideblikk til tidlegare band)]	
Anmeldt værk:	<i>Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band V harm – jåttut.</i> Oslo: Det Norske Samlaget 2005. Lars S. Vikør (hovudredaktør) og Kristin Bakken (prosjektdirektør). 1604 spaltar + XIII sider. ISBN 82-521-6579-6.	
Kilde:	LexicoNordica 13, 2006, s. 309-324	
URL:	<a href="http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive">http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive</a>	

© LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

*Johan Myking*

## **Norsk Ordbok band 5 (med sideblikk til tidlegare band)**

*Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band V harm – jåttut.* Oslo: Det Norske Samlaget 2005. Lars S. Vikør (hovudredaktør) og Kristin Bakken (prosjektdirektør). 1604 spaltar + XIII sider. ISBN 82-521-6579-6.

### **Innleiing og bakgrunn**

Norsk Ordbok har som overordna mål å dokumentera ordtilfanget i dei norske målføra og det nynorske skriftspråket, med andre ord å verta eit ordboksverk over det nynorske skriftmålet og dei norske dialektane etter mønster av nasjonale ordboksverk frå andre språksamfunn. Verket skal såleis kunna jamførast med tilsvarende nasjonale ordboksverk som ODS og SAOB. Meldarar av tidlegare band har gjeve klårt uttrykk for at dette målet alt er nådd, og at ambisjonsnivået og informasjonsrikdommen set verket fullt på høgde med dei to nemnde ordboksverka (sjå oversyn i Nordlie 2002). Arbeidet tok til i 1930, dei tre første banda var ferdige i 1966, 1978 og 1994, og målet er at ordboksverket skal vera fullført i tolv band ved grunnlovsjubileet i 2014. Investeringane frå staten har dei siste åra vore store, men resultatkrava tilsvarende strenge.

I to innleiingar har hovudredaktør Lars S. Vikør (band 4 og 5) og prosjektdirektør Kristin Bakken (band 5) gjort greie for prosjekt NO2014 etter omleggingane frå 2002. Dei to innleiingane er interessant og spennande lesnad som stemnings- og statusrapportar frå ein prosess som går i snøgt tempo. Mange problemstillingar som var uavklåra i band 4, har falle på plass i band 5, og ein ser tydeleg korleis stemninga i redaksjonen har endra seg frå lettare nervøs spenning til optimisme og sjølvtilit. Innsatsen dei siste fire–fem åra har vore imponerende, og som det nøkternt heiter i innleiinga til band 5, ”verksemda blir no målstyrd, og produktiviteten er høgare”.

Det er til saman 18 redaktørar bak band 5, og nokre av dei er lokaliserte til NTNU i Trondheim. Til samanlikning er det elleve redaktørnamn i band 4 og fem i band 3. Det heiter i innleiinga til band 5 at på

utgjevingstidspunktet er det ”ti produktive nyutdanna redaktørar i staben, og vi er i gang med å læra opp neste kull med nye redaktørar”. Prosjektet er altså ei storsatsing frå staten si side, og ei viktig side ved denne satsinga er overgangen til nye og databaserte redigeringsverktøy. Dette arbeidet har prosjektdirektør Kristin Bakken og Christian-Emil Smith Ore gjort grundig greie for i LN12 (Bakken og Ore 2005), og det vert derfor ikkje grundigare omtala her.

### Redaksjonelle normval

Når ordtydingar og brukstradisjon står i sentrum, kan ikkje ordboka vera ein utførleg dokumentasjon av normvariasjonen i den nynorske rettskrivinga. Som det heiter i ei melding av band 4 (Myking 2004), er ikkje Norsk Ordbok ei rettskrivingsordbok. Den som vil ha fullt oversyn over moglege skrivemåtar innanfor det nynorske rettskrivingsystemet, må altså gå til andre kjelder, først og fremst Nynorskordboka.

Utvalet av redaksjonelle normvariantar har ikkje vore drøfta av redaktørane sidan brukarretteiinga frå 1994, der det heiter at ein følgjer hovudformene i 1938-rettskrivinga med visse tillempingar. Korkje i band 4 eller band 5 finst det såleis grunngjevingar for at det (framleis) er brukt eit relativt tradisjonsorientert normval: Til dømes står alle verb oppført med a-infinitiv utan opplysning om at e-infinitiv er mogleg (i Nynorskordboka er det motsett). Skriftvarianten *ser-*, som har hatt status som sideform (klammeform) frå 1959, er nytta redaksjonelt i staden for hovudforma *sær-*, t.d. i *sertyding*. Sidan varianten *ser-* framleis er brukt i oppslagsformene i band 5, har det altså med omsynet til redaksjonell konsekvens og einskap å gjera. Men denne normvariasjonen har i visse tilfelle uheldige konsekvensar for tilgangsstrukturen i ordboka. Substantivet *her* (mask.), som òg har vore klammeform frå 1959, er oppslagsform, medan hovudforma *hær* ikkje står som eige oppslag med tilvising til oppslagsforma *her*. På dette punktet krevst det altså større rettskrivingskunnskap enn ein kan forlanga av ein vanleg brukar for å finna fram til lemmaet.

Når det gjeld tekniske skrivereglar, nyttar band 5 framleis ein del variantar som offisiell normering har gått bort frå, som *jfr* i staden for *jf*. (= jamfør) og *o l* og *t d* (= og liknande, til dømes), altså med mellomrom og utan punktum. Dette er ei diskutabel vurdering. Det hadde vore mogleg å gje to tredelar av verket redaksjonell einskap med oppdaterte tekniske skrivereglar. Sjølv med den nye fonten er ikkje ein punktum-

laus skrivemåte som *t d* like lett å lesa som punktumvarianten *t.d.*, men dei punktumlause variantane er sjølv sagt meir plassøkonomiske.

## Megastruktur, typografi og oppsett

Norsk Ordbok har ikkje ein komplisert megastruktur. Band 5 har ei lemmaliste på 1604 spalter (802 sider). Frårekna omslagssidene tel omteksten fem sider. Éi side gjeld opplysningar om redaksjon og prosjektleiing, og den er følgd av to sider med redaktørliste som i detalj viser kven av redaktørane som har redigert dei ymse artiklane. Så kjem sjølve innleiinga med to sider blanding av historikk og statusrapport. Dei supplerande kjeldetilvisingane tel fem sider, og det finst inga bruksrettleiing. Ei oppdatering av rettleiinga frå 1994 er planlagd publisert i år, så dette er ingen eigentleg mangel.

Dei tre første banda av Norsk Ordbok kom ut i hefteform. Dette gjeld òg band 4, som var produsert heftevis frå 1994 til det kom ut ved årsskiftet 2002/2003. Band 4 er likevel det siste som er produsert på denne måten. Om bokbunaden må det seiast at bøkene er fint innbundne i svart og raudt med alfabetet inngravert på første omslagssida. Dei ytre endringane har vore minimale frå band 1 til band 5, slik at verket trass den modifiserte bladbunaden har eit einskapleg preg.

Band 5 er i innleiinga kalla det første resultatet av nyorganiseringa. Samstundes er bokstaven *I* den første som er redigert med nytt, digitalt redigeringsverktøy. Manuskriptet vert no skrive direkte inn i ein database, ikkje sett opp som vanleg tekst. Det går altså for det første eit skilje mellom band 4 og band 5, og for det andre eit skilje midt i band 5, mellom bokstavane *H* og *I* – det er frå og med bokstaven *I* ”den nye tid” heilt og fullt er inne. For den vanlege lesaren er ikkje dette skiljet særleg tydeleg, men redaksjonen sjølv ser ut til å meina at skiljet har sett preg på oppsettet.

I svært lange ordartiklar har det i dei tidlegare banda ikkje alltid vore greitt å finna fram til alle samansetningar, eller skilja alle tydingsnivå og undertydingsnivå. Dette problemet har redaksjonen teke alvorleg, og frå og med band 5 er det innført eit nytt satsbilete for å gjera det lettare å ta seg fram i artiklane. Alle hovudlemma er sette med utrykk i margen i staden for innrykk, og tydingsnummereringa inne i ordartiklane er sett med halvfeit skrift. Typografien er skarp, tydeleg og fin. Spesialfonten Lexicon er innført, og denne meldaren opplever at fonten fungerer godt i ordartiklane, mindre godt i innleiinga, der han er for småstilt til den utvida spaltebreidda. Særleg ved skiljeteikn kan det av og til vera vanske-

leg å sjå om det er mellomrom etter, eller ikkje. Denne meldaren greier faktisk ikkje heilt å avgjera om det under suffikset **-heit**, referansen ”Sunndal,Leksvik”, manglar eit mellomrom, og om dette eventuelt er ein trykkfeil eller eit systematisk val. Derimot er det ingen tvil om at mellomrom har falle ut i sekvensen ”*dumheit, godheit, friheit*” i same artikkelen.

### Lemmatisering, ordning og tilgang

Makrostrukturen i Norsk Ordbok er alfabetisk, i hovudsak glattalfabetisk med to unntak. Refleksivformene av verb står saman med grunnformene (rettleiinga: ”sjå t d *anda, andast*”), og der det finst mange samansetningar til ei grunnform, er dei mest tilfeldige og komposisjonelle tekne med som ei nisje like etter grunnordet, men før den første samansetninga som får definisjon. Under **husmor-** står såleis samansetningar som *-auga, -konsulent, -vyrndad, -ære* før det definerte [**husmor**]-**ferie**. I paret **høg** vs **høg-** vil dei to variantane fungera slik at dei òg vekslar mellom oppslag med **høg-** og oppslag med **høgre-: høgrenessanse** kjem midt inne mellom **høgre-lyndt** og **høgre-orientert**, og med underordna følgje av **høg-renne** og **høg-rente/konto**.

Denne ordninga har vore gjennomført frå og med band I og fungerer godt. Ei typografisk endring i band 5 som derimot kan verka uvand for dei som kjenner dei fire første banda, er at alle samansetjingsrekkjene til eit grunnord frå no får linjeskift framom og såleis vert innleidde frå venstre marg, ikkje som før inne i artiklane. Berre manglande uttrykking markerer nivåskilnad frå grunnordet. Viktige komposita får sjølv status som lemma: Ordet **husmor** er oppført som samansett sublemma **husmor** under lemmaet **hus**, utan uttrykking og like etter **hus-mon**. Deretter er førsteleddet **husmor-** oppført som nytt lemma, med uttrykking, framfor samansetningar i alfabetisk rekkje: [**husmor**]-**ferie**, [**husmor**]-**lag** m.fl., der altså **-ferie** og **-lag** står på lemmaplass, men utan uttrykking. Elles har nok dette med uttrykking glippa reint teknisk ein del stader, t.d. om ein jamfører I **høvre** med I **høvring**.

Under **heste-** fører praksisen med linjeskift til at samansetningane til saman fyller nesten 18 spalter, rett nok glattalfabetisk splitta nokre stader, m.a. av **hestes** (adv) mellom **heste-røktar** og **heste-sal**. Det er ikkje alltid lett for ein lesar med vanleg intuisjon å vurdere om alle samansetningane forsvare plassen sin som lemma eller ikkje. Må **hesteauga**, med forklaringa ’auga på hest’, eller **hestegjætar** ’person som gjæter hestar’, stå som lemma når eit ord som [**heste-**]**sport** er lista opp

heilt først under **heste-** som døme på komposisjonelle samansetningar som altså ikkje treng definisjon eller kjeldereferanse? Ein saknar òg kanskje ei vurdering av om alle ord under **heste-** verkeleg er samansette. Ordet **heste-** kan ha fått ein karakter av forsterkande prefiks ('heisen', 'ovleg') som kanskje kunne ha vore markert. Når vi ikkje får belegg, er det ikkje heilt sjølv sagt at [**heste-**]pris i den alfabetiske lista skal tolkast som "prisen på ein hest" og ikkje nærsynonymt med "blodpris", kanskje med opphav i eit ord som oppslaget **hestearbeid** 'tungarbeid' eller **hestespark** 'hardt slag frå hestefot'.

Å skilja mellom lemmatisk og komposisjonell samansetning må sjølv sagt ofte vera eit spørsmål om skjønn, men dermed kan det ofte melda seg tvil hjå lesaren om materialet i nisjene er henta frå korpuset – og såleis kanskje kunne ha fortent lemmastatus – eller om dei er tekne med på grunn av at ordboksredaksjonen sjølv har kunnskap om dei. Det verkar intuitivt ikkje rimeleg at **hestedrosje** eller **hestesport** ikkje treng forklaring, medan **hesteauga** 'auga på hest' treng det, sjølv om referansen for dette ordet er Kristofer Uppdal. Så frekvent som fenomenet **hestesenter** er vorte i våre dagar, kan ein òg stussa på at dette ordet er forvist til lista over vilkårlege samansetningar. Og kvifor skulle ikkje *husmorkonsulent* og *husmørsløn* ha eigen definisjon like godt som **husmorvikar**?

Inne i definisjonane i artikkelkroppen er halvfeit stil altså ikkje brukt for å nemna samansetningar. Halvfeit er derimot brukt ved sterkt idiomatiserte tydingsvariantar: Mange verbkollokasjonar t.d. under **hava/ha** (sjå nedanfor), ein del spreidde under varierende ord utan synleg mønster, og så nokre døme på substantiviske ordgrupper med adjektivattributt, der heile syntagmet dermed får ein relativt klår fagspråkleg (terminologisk) status, sjå nedanfor. I tillegg er halvfeit brukt metaspråkleg ved tydingsindikatorar med siffer eller bokstav. Indikatorane vert såleis sterkare framheva.

Band 5 gjev eit sterkt inntrykk av at den hierarkiske ordninga av informasjonen i ordartiklar som er ekstra komplekse og innhaldsrike, kjem tydelegare fram gjennom dei omleggingane som er gjorde. Verbet **gjera** i band 4 og verbet **hava** el. **ha** i band 5 peikar seg ut i så måte, og er interessante å jamføra. Leksemet **hava** el. **ha** i band 5 er inndelt i fire hierarkiske nivå, og artikkelen er stor: Han fyller nokså nøyaktig 22 spalter, altså 11 sider. Éi spalte er eit oversyn over heimfesta formvariantar. Fire overordna tydingsfelt er markerte med versalar i halvfeit skrift: A – hava som sjølvstendig verb, B – i samband med refleksivpronomen, ha seg, C – i faste ordsamband med adverb, dvs. idiomatisert, og D – som hjelpeverb i fleirords bøyingsformer. Under desse hovudfelta er

det delt inn hovudtydingar noterte med tal: A har 1 objekt, 2 personsubjekt og objekt, 3 objekt som denoterer kulturovringar osv. Under der att finn vi dei ymse særtydingane med døme, noterte med små bokstavar i halvfeit. Men der òg er det av og til nytta finare inndeling med siffernotasjon i vanleg skrift.

Gruppe A har 27 hovudtydingar med 90 særtydingar, B 21 særtydingar fordelt på 5 hovudtydingar, ofte såpass idiomatiserte at uttrykka er attgjevne med halvfeit skrift attmed bokstavnotasjonen, dvs. som fleirordslemma. Gruppe D har 7 hovudtydingar med 21 særtydingar. Den største gruppa, C, har 77 markerte idiomatiske hovudtydingar. Ulikt dei andre gruppene er særtydingane oppførte med dei fulle formene under hovudtyding, ikkje med bokstavnotasjon. Dette er klokt, for elles hadde det neppe vore mogeleg å få oversyn, og det ligg i sjølve saka at dette er rettast når det gjeld sterkt idiomatiserte uttrykk. Det er likevel her òg nytta ei finare tydingsinndeling med siffer i vanleg skrift: Der uttrykket **8 ha bak seg** utgjer ei hovudtyding, er særtydingane ”1 vera plassert framom”, ”2 bera på minne om (tidlegare oppleving); minnast; leva med (fylgjene av)” og ”3 få stønad el hjelp av” – noko som viser at dette siffernivået faktisk er svært vesentleg for å skilja mellom opphavleg vs. metaforisk tyding.

Ved hjelp av bokstav- og siffernotasjonen er det utan finrekning mogeleg å sjå at ordartikkelen i desse 22 spaltene dokumenterer rundt rekna 200 bruksmåtar av verbet, i tillegg til den aller finaste med siffer i vanleg skrift. Dette vitnar om ei sær sars fingreina og ambisiøs semantisk beskriving som samsvarer med målsetjinga for ordboksverket. Til samanlikning har artikkelen om **gjera** i band 4 dobbelt så stort omfang, 40 spaltar (i tillegg til fire spaltar med refleksivforma *gjerast*), slik at samanlikninga kanskje ikkje er heilt rettvis. Vel to spaltar er dokumentasjon av formvariasjon. Etter tyding er det er sju hovudgrupper, den siste, G, dekkjer verbet ”i ei mengd faste vend (med prep el adv).” Det er i alt 48 slike særtydingar under feltet G, dei aller fleste med finare inndelingar: Uttrykket 31) *gjera opp* har 18 slike tydingskategoriar.

Den typografiske fordelinga mellom halvfeit, vanleg skrift og kursiv i band 4 er ikkje vesentleg ulik den vi finn i band 5, og sjølve notasjonsprinsippet med boksvar og tal er heller ikkje nytt i band 5, men nokså likt band 4. Vi kan ikkje avgjera utan vidare berre på grunnlag av ordartiklane kvifor **hava** er kortare enn **gjera**, om det kjem av mindre semantisk rikdom eller større redaksjonell disiplin, som redaktørane poengterer har vore eit viktig drag frå og med band 5. Men kvart av dei overordna (bokstavnoterte) tydingsfelta er nokolunde like store for dei to verba, om ein måler grovt i spalteplass. Når artikkelen om **hava** like-

vel verkar vesentleg lettare å ta seg fram i enn **gjera**, så må altså hovudforklaringa liggja mindre i sjølv innhaldet og informasjonsmengda enn i fonten og satsbiletet. Desse to faktorane har såleis effektivisert den indre tilgangsstrukturen som ligg markert i siffer- og bokstavnotasjonen.

### Lemmaseleksjonen – normative aspekt

Norsk Ordbok er deskriptiv og ikkje puristisk i lemmaseleksjon og lemmatisering. Framandord er tekne med så langt det trengst for å gje eit representativt bilete av nynorsken, sjølv om dette gjev lite nytt i høve til Norsk Riksmålsordbok. Denne nøkterne og pragmatiske redaksjonelle lina vart tydeleg målboren i innleiinga til band 1 i 1966 (prenta om att i rettleiinga frå 1994) av Alf Hellevik (s. VIII):

Ei ordbok som denne kan ikkje byggja på det ein til vanleg meiner med akademi-prinsippet, men bør gjeva eit noko så nær heilt bilete av det nynorske målet slik det lever i tale og skrift. Vi har heller ikkje sett det som vår oppgåve å døma ut frå eit subjektivt syn på kva ord som bør reknast for godtakande i nynorsk skriftmål, men har freista å byggja på ei varsam omdøming av det tilfanget som røyndleg ligg føre.

Alt i band 2 vart såleis suffikset **-else** lemmatisert med eigen artikkel, og i band 5 er det interessant å sjå korleis suffikset **-heit** er handtert på tilsvarende måte, med fyldig informasjon om etymologi, bruksmåtar og problem knytte til dei. Denne artikkelen er stramt teknisk strukturert, men med ei retorisk stiging som gjer at ein har redaktøren mistenkt for å skriva med glimt i auga: Det heiter at suffikset *-heit* er ”i e skr noko nytta”, ”i nyare (lokal)avismål heller vanl”, ”i da.-ty- lånord mest eine-rådande”.

Ein kan vel derimot ikkje kritisera ei deskriptiv ordbok for å ikkje eksplisitt opplysa om normvedtak, at suffikset i praksis er godkjent som fritt i nynorsk ved vedtak i Språkrådet i 1999, men slik informasjon er ikkje uvesentleg for den som søker opplysningar om brukstradisjon. Jamfører ein med **-else** i band 2, så ser ein at denne artikkelen har gjeve meir rom for vitskaplege referansar enn det vi finn ved **-heit** i band 5, kanskje både på grunn av slakkare plassdisiplin og på grunn av skilnader i språkpolitisk klima. Temaet er ikkje lenger like fagleg og språkpolitisk omstridd.



## Lemmaseleksjonen – pragmatiske aspekt

Prosjektleiarane skriv i innleiinga til band 5 at dei redaksjonelle omleggingane har ført til strengare disiplin når det gjeld utvalet av ord og illustrerande døme. Heile alfabetet skal på plass i tolv band, derfor vert færre ord tekne med, og mindre av grunnlagsmaterialet vert synleg. Det siste vert kompensert med at alt materialet er tilgjengeleg på Internett. Ord som no vert utelatne, er ifølgje innleiinga sjeldsynte skriftmålsord, nylagingar som ikkje har slege gjennom, og spesielle fagord som ikkje har fått innpass i allmennspråket. Norsk Ordbok skal vera allmennordbok, ikkje ei fagordbok eller anna spesialordbok, men grensene mellom det allmenne og det spesifikke ordtilfanget er flytande, dessutan har kjeldesituasjonen innverknad. Slike problem har vore grundig drøfta i redaksjonen, men må reknast som eit ikkje avklåra punkt (sjå Ellingsve 2006). Sidan det ingen stad står kor mange oppslagsord kvart band har, og sidan det ikkje er gjeve døme på ord som er utelatne, er det ikkje heilt enkelt å vurdera kva praktiske konsekvensar desse avgrensingane har fått. Lesaren kan berre sjå dei orda som faktisk står oppførte i lemma-lista, og på grunnlag av dei vurdera kor langt ut grensene for det gjengse, kjende og aksepterte allmennspråket er trekte. Som Ellingsve 2006 peikar på, kan kjelde- og ekserperings-situasjonen ha ført til at Norsk Ordbok sin verdi som fagspråkleg produksjonsordbok er svekt. På den andre sida er det ikkje innlysande at funksjonane som allmennordbok og fagspråkleg produksjonsordbok fullt ut kan kombinerast som redaksjonelt mål.

I ei melding av band 4 (Myking 2004) er det peikt på at band 5 kan gje svar på korleis engelske importord og norske avløyssarar er handterte, døma er **hiphop** og **havindustri** (av *offshore industry*). Og svaret er at band 5 har oppslagsordet **hiphopp**, med norvagisert skrivemåte – utan eksplisitt normvedtak i Språkrådet, men etter mønster av ordet *hipp* (norvagisert 1996) og etter hovudprinsipp for norvagisering fastsette i 2000. Dette er altså døme på ord som er importerte, har fått gjennomslag og er kulturelt viktige. Blar ein att og fram i boka, er det ikkje vanskeleg å få auga på fleire: Både **inside-handel**, **innputt** og den nye tydinga av **hovudjakt/-jeger** er med, og dette syner at moderne ordstoff snøgt finn vegen inn i redaksjonsarbeidet. Motsett, når det gjeld ord som ikkje er tekne med, veit denne meldaren på grunnlag av kontakt med hovudredaktøren at ordet **havindustri** er kutta ut i band 5 på grunnlag av meldinga av band 4 (Myking 2004). Ordet **havindustri** vart lansert i Oljeordliste i 1982 for det symbolsk viktige *offshore*, men har aldri fått gjennomslag i bruk. I nett dette einskildtilfellet er det altså medviten

bruk av dei nye redaksjonelle retningslinene som ligg bak. Den norske nasjonalnæringa olje- og gassutvinning er i det heile temmeleg usynleg i Norsk Ordbok, i alle fall til no: I band 5 finn vi lemmaet **juletre** med deltyding ”ventileining montert på toppen av stigerøyr”. Vi saknar referansen til det meir offisielle **ventiltre**, som likevel kanskje kjem i eitt av dei seinare banda. Ordet *havindustri* er kutta ut frå band 5 gjennom redaksjonell avgjerd, symbolordet *offshore* kjem eventuelt lenger ute i alfabetet, og ord som *brønn* og *bora*, det siste med avleiingar som *boring* og *borar*, er heilt frie for bruksmåtar og tydingar knytte til olje- og gassutvinninga. Desse orda står under *B* i band 1 som kom i 1966 – året då det første oljefunnet vart gjort i Nordsjøen. På dette området ligg altså ordboksverket kraftig på etterskot. Frå ei anna viktig næringsgrein er derimot både **havbruk** og **havbeite** med, men utan at kjeldene er fagspråklege.

Det er mindre innlysende, men svært interessant med omsyn til grensene mot fagspråket, at fleirords nominalfrasar i visse tilfelle har fått status som særtyding i band 5, og ikkje berre som døme på kollokasjon. I band 4 under oppslaget gul er uttrykk som *gul feber*, *gult feitt*, *gult kort* o.fl. samla under bolk 3, ”visse faste samband”, og kursiverte som alle andre døme. Under **grøn** gjeld det same for faste fagspråklege uttrykk som *grønt nummer*, *grøn rute*, *grønt belte* under kategorien ”som signal i eit teiknsystem”. Medisinske termar som *grøn star* (og *grå* –, som eksplisitt er kalla anatomisk vending) er med.

I band 5 finn vi derimot kombinasjonar av adjektiv og substantiv som er sette med halvfeit slik sublemma er: **italiensk raigras**, **italiensk salat**, **italiensk tak**. Ein kan stussa litt over at **ilt samvit** skal ha slik status, når synonymet er ’vondt samvit’. Under adjektivet **indre** er det gjeve plass til kombinasjonar som **indre auga** (medisin), **indre høgre** (fotball), **indre monolog**, **indre bøyning**, **indre energi**, **indre sekresjon** m.fl. Skilnaden mellom desse og andre innanfor same tydingsgruppe er at den fagspråklege karakteren vert framheva, og artikkelstrukturen får preg av onomasiologisk ordning: Oppgraderinga til halvfeit signaliserer at dette er udelelege heilskapar, og emnemarkeringa signaliserer at det er tale om fagtermar. Det kan sjølvstøtt diskuteras i kor stor grad **indre objekt** og **indre energi** er kjende i allmennspråket, som er kriteriet for inkludering i ordboka. Ein må venta lik behandling av slike ”koordinatord” innanfor binære par, altså at den andre halvparten kjem i seinare band: *indre–ytre*, *øvre–nedre*, *attre/bakre–fremre*, *yngre–eldre* (jernalder). Berre *høgre* er mogeleg i desse to banda, men det finst ingen døme på det. Adjektivet **attare/attre** er sett med halvfeit i band 1 inne i ordartikkelen til **attar**, men ikkje med heile frasar **\*attare dekk**, der-

imot *attare dekket*. Vi må altså venta på *ytre* i eit seinare band for å sjå korleis denne systematikken vert følgd opp.

## Kjeldeutvalet

Kjeldegrunnet er kraftig utvida i dei to siste banda, oversyn over nye kjelder fyller ti sider i band 4 og fem i band 5. Alt i alt saman kan vi såleis danna oss eit inntrykk av korleis det samla kjeldetilfanget for ordboksverket no ser ut og kva for prinsipp det no vert utvida etter. Utgangspunktet for Norsk Ordbok var det innsamla setelarkivet og spørjelistene, som først og fremst fanga inn ordtilfanget i dialektane med ein viss historisk svip. Ei litt omtrentleg opteljing i brukarretteinga frå 1994 viser at seriar med ord som "Årsskrift", "Årbok" m.m. i tittelen har minst 24 oppføringar, i band 5 er det komme til minst fem nye. Å leggja så stor vekt på denne typen kjelder er sjølvst motiverert av formålet med ordboksverket, å dokumentera ordtilfanget i dei norske dialektane.

Dei siste kjeldeutvidingane reflekterer at arbeidet med å samla inn tekstar med preg av sakprosa og fagprosa har fått auka vekt. Ikkje så få av det meir eller mindre tekniske ordstoffet som er drøfta ovanfor, er ekserpert frå klassikaren Norsk allkunnebok, som altså framleis er ei viktig kjelde til ordstoff frå tekniske og andre faglege domene. I tillegg er det komme til nyare skjønnlitteratur og andre tekstsjangrar, og redaksjonen har fått bygt opp eit elektronisk tekstkorpus på 21 millionar ord. Det kjem ikkje tydeleg fram kva for nokre kjelder som er elektronisk tilgjengelege og ikkje, og det kan finnast både faglege, økonomiske og meir trivielle grunnar til at bøker, forfattarar eller sjangrar (enno) ikkje finst i materialet. Samstundes som materialet er vorte meir komplett på tvers av ulike variablar, så er det lettare å få auga på lemmalakunar, alt etter kva for horisont, forventningar eller bakgrunnskunnskap lesaren har. Det kan derfor vera interessant å gå inn på kjeldematerialet i noko meir detalj.

## Lokal språktradisjon

Kjeldene til lokal språktradisjon er inga einsarta gruppe, men kan i alle fall delast inn i tre hovudkategoriar: For det første har vi dialektoversyn i form av hovudoppgåver og avhandlingar. For det andre prenta skjønnlitterære kjelder på målføre, ofte med ordforklaringar. Og for det tredje finst det mange lokalhistoriske arbeid, både bygdebøker, årsskrifter og

andre prenta kjelder, med samlingar av lokalt ordstoff. Alle regionar av landet er dekte, og denne typen litteratur er omfattande og populær, på tvers av skiljet bokmål/nynorsk.

Om vi her avgrensar oss til dei vitskaplege arbeida, så spenner dei dei frå Finnmark i nord til Mandal i sør og Einar Lundebys arbeid om Høbøl-målet i aust. I lista i band 5 er til dømes Finnmark representert med heile tre vitskaplege arbeid: Kjell Paulsen om Sør-Varanger, Hildur Hatlebrekke om Vadsø, Randi Fløvig om Tverrelvdalen. Saman med faglege arbeid frå dei to andre nordnorske fylka og alle dei andre typane kjelder frå denne landsdelen viser dette at nordnorske språktilhøve er tekne svært alvorleg av redaksjonen, og at ein såleis har lagt vinn på å gjera datagrunnlaget geografisk representativt.

Det finst sjølv sagt faglege arbeid ein stussar over at ein ikkje finn. Hovudoppgåver om målføre er truleg ikkje utnytta når målføret i eit område er dekt frå før, og det er mogeleg at dette råkar målgeografiske område i vest og sør. Kjell Bergfjord si avhandling om Lygra-målet (1975) er truleg rekna som redundant sidan Rundhovde: Målet i Hamre er inkludert. Det går likevel an å stussa over at ei avhandling som Ordforrådet i Birkenes frå 1979 av Magnhild Vollan Kønig ikkje er teken med.

Det er elles ikkje heilt enkelt å danna seg eit bilete av kor godt alt tilgjengeleg materiale av denne typen er utnytta. Dels er referansesystemet ikkje heilt einskapleg: Ingeborg Donalis arbeid om oppdalsmålet står dels med kode under D, "Don.ÅTO" og dels under O, "Oppdal-Don", Gunvor Rundhovde (om målet i Hamre), Einar Haugen (om mål i Oppdal og i Nord-Amerika) Jarle Bondevik (om Modals-målet) må ein òg leita to gonger etter. Det er vel ikkje å venta at den nye brukarrettleiinga frå 2006 skal endra på det kodesystemet, og kjeldereferansane er trass alt berre for dei spesielt interesserte.

### **Skjønnlitteratur og sakprosa**

Lista over skjønnlitterære kjelder er på mange måtar forvitneleg. I materialet finst det 'klassiske' nynorskforfattarar som må vera bort imot komplett ekserperte, saman med forfattarar som berre er representerte med ein brøkdel av produksjonen. Det står ikkje til å nekta at det verkar litt kuriøst når den nynorskforfattaren som er mest kjend internasjonalt, Jon Fosse, berre er representert med debutromanen frå 1987 og ikkje med eitt einaste dramatisk verk. Litterær "kjendisfaktor" åleine kan sjølv sagt ikkje telja som fullverdig seleksjonskriterium, og det kan

liggja ei medviten vurdering bak om at Fosse representerer ein så allmenn og 'mainstream' nynorsk at tekstane hans ikkje har noko nytt å tilføra. Med den svært sentrale posisjonen Fosse har i den nynorske skriftkulturen, har likevel redaktøren her laga seg ein lakune som dei kjem til å få spørsmål om ved fleire høve enn dette.

Når det gjeld skjønnlitteratur, spenner det nye tilfanget over både barnelitteratur (Erna Osland, Torvald Sund), lyrikk (Bente Bratlund Mæland, Oskar Stein Bjørlykke, Liv Nysted) og nyare krimlitteratur, som er representert med Magnhild Bruheim og Kolbjørn Hauge. Nynorsk dramatik er det derimot vanskelegare å få auga på. Karl Jørgensen: *Storfolk. Lystspel i tvo vendingar frå 1924* og *Hulda Garborgs Rationelt fjøsstell frå 1910* er visst dei einaste døma (sidan ikkje Jon Fosse er representert). Omsett litteratur utgjer inga stor gruppe, når ein gjer unntak for dei talrike omsetjingane av bibelske skrifter og norrøn litteratur, men er representert ved Turid Farbrege og Lars S. Vikør. Både omsett litteratur og (særleg) barne- og ungdomslitteratur vil nok med tida få ein større plass i korpuset, som refleks av språkvanar og normval hjå yngre generasjonar av nynorskskribentar.

Av dei skjønnlitterære forfattarane som figurerer i oversynet i brukarrettleiinga frå 1994, ligg Olav Duun på topp med 24 oppføringar (merk at fleirbandsverk, til dømes *Juvikfolke*, då tel som éi oppføring). Etter Duun følgjer Vesaas og Garborg med 21 kvar. Fire forfattarar har 16 oppføringar, Jens Tvedt, Kristoffer Uppdal, Leif Halse og Rasmus Løland, og endå tre ligg over 10: Kristofer Janson og Torvald Tu med 11, Olav Gullvåg med 10. Dette er populære forfattarar med ein sterk posisjon i den nynorske ålmenta, men med unntak av Vesaas representerer dei ikkje nynorsken i etterkrigstida. Til samanlikning har ordboka funne plass for litterære nykomarar frå 1970- og 1980-talet: I 1994-oversynet figurerer Kjartan Fløgstad og Edvard Hoem med 6 oppføringar, Ragnar Hovland med 2, Rune Belsvik og Jon Fosse med éi kvar. Jamfører vi med tilleggslista i band 5, så er Duun og Halse komplette med éi ekstra oppføring. Kjartan Fløgstad har fått åtte, og er med 14 totalt altså oppe mellom dei mest frekvente – ein kunne vera freista til å kalla han den einaste kanoniserte nynorskforfattaren frå dei siste tre tiåra. Ingen av dei andre nemnde nykomarane har fått tilleggsoppføringar, sjølv om dei gjennom dei siste to tiåra har etablert seg mellom dei fremste nynorskforfattarane.

Når det gjeld nynorsk fagprosa og sakprosa, kan liknande lister vera like interessante. Med atterhald om at det kan liggja ei og anna skjønnlitterær oppføring (og omsetjing) mellom dei saklitterære, så er det Rikard Berge og Ivar Aasen som er dei mest frekvente, med 14 opp-

føringar. Nikolaus Gjelsvik og Halvdan Koht følgjer med 13, A. H. Bremer, Severin Eskeland og Ivar Kleiven med 12 og botanikaren Johannes Lid med ti. Sigmund Skard har òg ti, men det er både skjønnlitteratur og saklitteratur.

Inntrykket både for skjønnlitteratur og sakprosa er altså at forfattarar frå dei siste tre tiåra ikkje er omfattande ekserperte, og éi mogleg tolking av dette er at di nyare kjelder det er tale om, di strengare krav er det til at dei skal gje noko nytt, med andre ord at dei eldste forfattarane har levert det mest sentrale tilfanget, som då ikkje treng ekserperast på ny. Kva med til dømes produksjonen til historikarar som Kåre Lunden og Berge Furre, som har fått med éi bok kvar? Det kan her òg henda at slike arbeid representerer ein 'mainstream' nynorsk som redaksjonen meiner er forsvarleg dekt inn på andre måtar, og det kan henda at dette forklarar kvifor ein av dei mest produktive nynorske sakprosaforfattarane (og -teoretikarane) frå dei siste ti åra ikkje i det heile er representert, nemleg Ottar Grepstad. Uproblematiske er det likevel ikkje, og tidsfaktoren har ikkje vore eit absolutt hinder: Redaksjonen har til dømes greidd å få med eit så nytt verk som Brennbart av Kjartan Fløgstad frå 2004.

Når det gjeld faglitterære arbeid, kan ein ut frå liknande resonnement stussa over at den store kjeldeskriftserien over Ivar Aasens skrifter ved Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset berre er utnytta med eitt verk (Dansk-norsk Ordbog, 1880–83). Aasen er som nemnt ovanfor fyldig dekt inn, men i andre tilfelle har redaksjonen lagt vinn på å få med nyare utgåver (t.d. Lids flora, Øyris medisinske ordbok), så eit kjeldeverk om Aasen hadde forsvart sin plass. Nordisk språkvitskap er godt representert i det utvida kjeldegrunnlaget, og det skulle sjølvsagt berre mangla, så sentral som terminologiutviklinga i nynorske språkvitskaplege arbeid er for nynorsk fagdiskurs generelt. Ein må såleis gle seg over at Norsk referansegrammatikk og Norsk lingvistisk tidsskrift er inkluderte. På lista finn ein elles Kjell Venås, men berre med dei to verka frå 1967 og 1974 om verb i norske målføre, ikkje med den ruvande produksjonen frå dei seinare åra, til dømes Aasen-biografien. Ein legg merke til at Arne Torp og Vagleik Leira er tekne med, men ikkje Helge Sandøy, og det er ei unnlatingssynd. Det er lett skjønleg at hovudredaktøren av Norsk Ordbok kanskje ikkje ønskjer å la seg ekserpera (anna enn gjennom to omsetjingar). Lars S. Vikør har likevel levert så mange faglege større og mindre arbeid – som ikkje minst vitnar om terminologisk refleksjon – at eit utval av desse fullt ut hadde forsvart ein plass på kjeldelista, attmed føregangarar som Alf Hellevik og Sigurd Kolsrud.

Når det gjeld fagspråklege kjelder som er viktige leverandørar til allmennspråket, er vitskaplege og populærvitskaplege verk ekserperte i aukande grad. Nyare humanistisk forskning er godt representert, t.d. historie (band 5 har Tore Pryser og Jostein Nerbøvik attåt frå før Kåre Lunden og Berge Furre, alle med eitt verk), religionsvitskap (Oddbjørn Leirvik), filosofi (Gunnar Skirbekk og Nils Gilje), samfunnsvitskap (Brekke, Høstaker og Sirnes 2003, Dimensjonar i moderne sosialteori). Språkvitskap er fyldig dekt, som nemnt ovanfor.

Det viktigaste terminologiske stoffet stammar frå dei fåe, men gode, nynorske terminologiske ordbøkene som er utkomne. På området jus er to sentrale kjelder no komne med: Asgeir Oldens Juridisk ordliste frå 1987 (1. utg. 1978) og Karl-Arne Utgård's Juridisk og administrativ ordliste frå 2002. Fagområdet medisin er dekt først og fremst av Audun Øyris Norsk medisinsk ordbok (2001, inkludert frå band 4), og botanikk av sjetteutgåva av Norsk Flora ved Johannes Lid m.fl. Dei to sistnemnde ordboksverka er standardverk på generelt fagleg grunnlag, ikkje berre på språkpolitisk. Norsk dataordbok er viktig fordi denne ordboka gjev eit komplett sett av nynorske ekvivalentar, men på tilsvarande måte vert det ein lakune når den vesle Oljeordliste frå 1982, som er heildekt med nynorsk og elles representerer eit tverrsnitt av det viktige domenet olje- og gassutvinning, ikkje er med.

Tekstar om målsak utgjer sjølvstøtt og ein naturleg del av kjeldetilfanget for ei nynorsk ordbok, det vil seia tekstar om nynorsk med politisk, kulturelt og ideologisk siktemål. Her finn vi t.d. Studiehefte til prinsippprogram for Noregs Mållag, 1997. Det ideologiske spennet i nynorskmiljøet er vareteke ved at tidsskrifta Vestmannen, Målmannen og Språklig samling er tekne med. At ikkje målungsbladet Motmæle er med, kan i prinsippet skapa ubalanse, og er derfor ein lakune.

Kjeldetilfanget er sjølvstøtt i stor grad ein refleks av den reelle stoda for nynorsk litteratur. Ein kan ikkje inkludera kjelder frå område der det ikkje finst relevante tekstar. Av kjelder med fagspråkleg profil, men likevel med så sterk tilknytning mot allmennspråket at dei fortener merksemd, manglar det i stor grad tekstar frå teknisk-naturvitskaplege område. Sjølv når ein tek omsyn til dei ordboksverka og tidsskrifta som er nemnde ovanfor, er dei "harde" faga reelt underrepresenterte på nynorsk, og dette vil naturleg nok avspegla seg i eit deskriptivt ordboksverk. Det er bøtt litt på denne stoda ved å innlemma lærebøker for vidaregåande skule, til dels i omsetjing frå bokmål. På denne måten kan ein fanga opp ein del av dei terminologiske utfordringane og løysingane som nynorske lærebokforfattarar må handtera, i fag som marknadsføring (1987), elektronikk (1989), plate-, sveise- og stålkonstruksjon (1982).

Innslaget av bruksprosa er òg styrkt av eit utval tekstar frå faglege nisjer der nynorsk har vore i bruk. Bankstellet er representert av årsmeldingar frå (den for lenge sidan nedlagde): Vestlandsbanken, matstell ved Ardis Kaspersen: Nordlandsmat, 1983, Landbruk ved Høringsuttalelse fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag [u.å.]. Det sterkaste teknisk-naturvitskaplege preget i tilfanget har kanskje Rettleiing for deklarerings av kjemiske produkt. Produktregisteret, frå 2002.

Hovudkonklusjonen når det gjeld utvidinga av kjeldetilfanget er altså todelt: Meir (mykje!) av det same når det gjeld skjønnlitteratur og tradisjonsstoff, uferdig kraftinnsats i vanskeleg terreng når det gjeld fagspråkleg tilfang.

### **Norsk Ordbok – ei bruksordbok?**

Norsk Ordbok i tolv band er sjølvsagt inga handordbok. Som vi har sett, er dette ikkje bruksordboka for den som først og fremst treng opplysningar om rettskriving og normvariasjon. Nasjonale ordboksverk tener først og fremst som uttømmende referanseverk, og derfor må dei vera uttømmende når det gjeld dokumentasjon av den rike ordmengda i språket, og dokumentasjonen av tydingar og brukstradisjon. Heller ikkje på dette punktet kan vi seia at Norsk Ordbok har nådd full bruksverdi i dag, etter fem av tolv band. Det må gå nokre år til, når verket tek til å verta komplett, før det kjem til sin rett.

I dette lyset er utvidinga av kjeldematerialet, i kombinasjon med den sterkt nedkorta produksjonstida, ein svært viktig faktor. Dei utvidingane mot sak- og faglitteratur som er omtala ovanfor, syner klart at band 5 representerer ei verdfull forskyving av av tyngdepunktet i materialet, sjølv om stoff om lokale målføre og andre språktilhøve framleis utgjer eit kvantitativt sterkt innslag i det utvida kjeldetilfanget. Redaksjonen har gjort eit stort arbeid med å oppdatera kjeldetilfanget til å dekkja den moderne nynorsken slik han faktisk ovrar seg, og tilfanget har fått større balanse. Sjølv om det samla kjeldetilfanget for heile ordboksverket under eitt avspeglar ulike utviklingsfasar, er det grunn til å minna om at åtte band – to tredelar – av det ferdige ordboksverket i 2014 kjem til å vera produserte med grunnlag i dette utvida kjeldetilfanget slik det ligg føre anno 2005. Det vil seia at to tredelar av verket vil byggja på eit modernisert materiale og ha ei produksjonstid på drygt ti år. Sjølv om tilfanget truleg kjem til å auka endå meir dei næraste åra, vil stormengda av verket byggja på eit moderne og relativt einskapleg materiale, og dette vil auka bruksverdien monaleg.



## Avslutning

Utgjevarane av Norsk Ordbok hadde planlagt å gje ut band 5 i 2005 eller 2006, men boka kom altså ut litt etter nyår i 2005, to år etter band 4. No er planen derfor at band 6 skal komma ut i 2006, det vil seia om lag samstundes med dette nummeret av *LexicoNordica*. Deretter skal det brukast halvtanna år på kvart av dei banda som står att. Så no går det fort, og det kan verta travelt for meldarane dersom *LexicoNordica* set seg som mål å halda følgje.

Prosjektdirektør Kristin Bakken og hovudredaktør Lars S. Vikør har, som alt nemnt, saman skrive ei informativ, grundig og klårgjerande innleiing til band 5. Størst ros skal dei ha for at dei raust og lojalt deler ut ros og ære – kollektivt og einskildvis, med namns nemning – til prosjektstaben og til dei andre fagmiljøa ved Universitetet i Oslo som har ytt tilskot til prosjektet gjennom utviklingsarbeid og kompetanse. Det gjer godt å lesa ei innleiing der alle tendensar til akademisk egoisme er totalt fråverande og godorda tilsvarande truverdige. Innleiinga til band 5 fortel om god korpsånd, men dokumenterer òg godt leiarskap. Band 4 og særleg band 5 vitnar alt i alt om ein massiv kollektiv, intellektuell og digital snuoperasjon som er i ferd med å løfta norsk leksikografisk arbeid opp på eit nytt nivå.

## Referansar

- Bakken, Kristin & Christian-Emil Smith Ore 2005: *Norsk Ordbok* – også ei elektronisk ordbok? I: *LexicoNordica* 12, 7–18.
- Ellingsve, Eli 2006. Fagord i Norsk Ordbok – i rett mon eller ute av fokus? I: *Nordterm 2005*, under utgjeving. Reykjavík.
- Myking, Johan 2004: Norsk Ordbok – den nynorske nasjonalordboka. I: *Norsk Tidend* 3/2004, 18–19.
- Nordlie, Sigurd 2002: Nytt hefte av Norsk Ordbok. I: *Ord om ord. Årskrift for leksikografi*, 8. Oslo: INL, 15–17.

Johan Myking  
 førsteamanuensis  
 Nordisk institutt, Universitetet i Bergen  
 Sydneplassen 7,  
 N-5007 Bergen  
[johan.myking@nor.uib.no](mailto:johan.myking@nor.uib.no)